



Ingen problem for små føter å bestige Hauglandsfjellet. (Foto: Tor Edward Taranger)

Måndag denne veka, var uteavdelinga til Uskedalen barnehage på ein skikkeleg fjelltur. Kjell Erik Taranger og Vigdis Haugland hadde fått med seg foreldra Lene og Tor Edward Taranger for å styre 11 ungar i alderen 3-5 år. Planen var enkel; Vi kjører til kjettingen oppe i Pålen sin veg, også går vi så langt vi orkar!

Med i sekken var kvar og ein utstyrt med eigne bytekler, drikke og niste. Det vert jo faktisk litt å bera på for ein treåring, men det skulle vise seg å ikkje vera noko problem for denne gjengen. Utan noko særers med om og men, så klarte alle saman å gå heile vegen opp til Hansbu. Når målet var nådd, vart alle premiært med pannekaker. Og det var dei alle vel unt, etter ein slik innsats.



Ein pause med Hansbu gjorde godt, men etter ansiktsuttrykket ser det ikkje ut som om all trimminga har tert på humøret.(Foto: Tor Edward Taranger)